


# Planinitiativ - Detaljplan utviding masseuttak ved Sprendjern - Turufjell



# **1. INNHOLD**

<b>1.</b>	<b>INNHOLD .....</b>	<b>2</b>
<b>1.</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1	LOKALISERING OG FORMÅL .....	3
1.2	GRUNNEIGAR, FORSLAGSSTILLAR OG PLANKONSULENT .....	3
1.3	RAMMEVILKÅR OG OVERORDNA FØRINGAR .....	3
1.3.1	<i>Nasjonale og statlege føringar .....</i>	3
1.3.2	<i>Regionale føringar .....</i>	3
1.3.3	<i>Kommunale planar og føringar .....</i>	3
1.3.4	<i>Kommuneplanens arealdel .....</i>	3
1.3.5	<i>Gjeldande reguleringsplan .....</i>	4
<b>2.</b>	<b>PLANOMRÅDE.....</b>	<b>4</b>
2.1	DAGENS SITUASJON OG DRIFT .....	4
2.2	GELOGISK RESSURS.....	5
2.3	ANDRE MASSEUTTAK.....	5
2.4	KULTURMINNE.....	5
2.5	NATURMILJØ .....	5
2.6	FRILUFTSLIV.....	6
<b>3.</b>	<b>OMTALE AV PLANLAGDE TILTAK .....</b>	<b>6</b>
3.1	AVGRENSING .....	6
3.2	UTTAK OG DRIFT.....	6
3.3	REGULERINGFØREMÅL OG OMREGULERING .....	7
<b>4.</b>	<b>VERKNAD/KONSEKVENS OG SÆRLEGE OMSYN .....</b>	<b>7</b>
4.1	VURDERING AV UTGREIINGSPLIKT .....	7
4.2	LANDSKAP – VISUEL FJERNVERKNAD .....	7
4.3	NATUR/KULTURMILJØ .....	8
4.4	TILKOMST – TRAFIKK/TRANSPORT .....	8
4.5	FRILUFTSLIV OG BAN- OG UNGES INTERESSER .....	8
4.6	FORUREINING – STØV, STØY OG AVRENNING .....	8
4.7	RISIKO OG SÅRBARHEIT – SAMFUNNSTTRYGGLEIK .....	8
4.8	MASSEFORVALTING OG NÆRINGSUTVIKLING .....	8
4.9	OPPSUMMERING .....	8
<b>5.</b>	<b>REKKEFØLGJEKRAV .....</b>	<b>9</b>
<b>6.</b>	<b>PLANPROSESS/MEDVERKING .....</b>	<b>9</b>
6.1	PROSESS .....	9
6.2	AKTUELLE OFFENTLEGE ORGAN OG ANDRE INTERESSENTAR SOM VARSLAST OM PLANOPPSTART .....	9
6.3	MEDVERKING .....	10
<b>7.</b>	<b>PLANMATERIALE.....</b>	<b>10</b>

# 1. INNLEIING

## 1.1 Lokalisering og formål

Forlagstiller har som mål å fremje detaljreguleringsplan, jf. plan- og bygningslovas § 12-3 for om lag 58 daa ved utviding av eksisterande masseuttak ved Sprentjern som ligg vest for Vesleå i innanfor den søre delen av områdeplan for Turufjell. Ny plan erstattar dagens plan.

Areal for utviding av eksisterande masseuttak er ikkje avsett i gjeldande kommuneplan. Tiltak er vurderte å ikkje utløse krav til konsekvensutgreiing etter forskrifta, jf. pkt. 4.1.

Planinitiativet er utforma i samsvar forschrift om behandling av private forslag til detaljregulerering etter plan- og bygningslova. Planinitiativet gir naudsynt grunnlag for gjennomføring av oppstartsmøte med planavdelinga til kommunen for føringar til planarbeidet, og som grunnlag til å varsle planoppstart i samsvar med pbl § 12-8.

## 1.2 Grunneigar, forslagsstilar og plankonsulent

Grunneigar	Gbnr. 10/352, Turufjell AS
Planfremjar	Turufjell AS
Plankonsulent	Arkitekthagen AS, ved Arkitekt MNAL Torstein Haug Hagen

## 1.3 Rammevilkår og overordna føringar

### 1.3.1 Nasjonale og statlege føringar

Statsforvaltaren i Oslo og Vikens forventningsbrev til kommunen, dagsett 01.03.23 har som mål å få fram prioriterte nasjonale føringar for arealutviklinga, presisere ansvaret til kommunen som planstyresmakt, gjere tydeleg rolla til statsforvaltaren i planprosessane, presentere ei oversikt over føringar og rettleiingar og bidra til effektiv arealplanlegging.

Oversikt over føringar for kommunal planlegging innanfor styresmaktsområdet til statsforvaltaren følgjer som vedlegg til forventningsbrevet. Særskilt for dette planarbeidet er fokuset til statsforvaltaren på:

- Samfunnstryggleik
- Klimatilpassing og naturbaserte løysingar
- Fjellområde
- Naturmangfold og samanhengande blågrøne strukturar
- Masseforvaltning
- Statleg planretningslinjer for klima- energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane

### 1.3.2 Regionale føringar

- Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035

### 1.3.3 Kommunale planar og føringar

- Energi og klimaplan for Flå kommune 2017-2021
- Friluftskartlegging Flå kommune

### 1.3.4 Kommuneplanens arealdel

Gjeldande overordna plan for området er "Kommuneplanens arealdel 2015-2027", vedtatt 26.05.16.

I arealdelen er område avsett til;

- LNFR
- Fritidsbusetnad
- Skianlegg

Det er teikna inn omsynssone med krav om felles planlegging.



Kommuneplan med plangrense som svart strek på kartutsnitt frå kommunekart.com



### 1.3.5 Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplanar for området er:

«Områdeplan for Turufjell» vedtatt i kommunestyret sak 57/17 den 17.08.2017, område er avsett med formåla;

- LNF
- Køyreveg
- Annan vegggrunn-grøntareal



Reguleringsplan med plangrense som raud strek på kartutsnitt frå kommunekart.com

«Detaljplan masseuttak ved Sprendjern - BKB-BSM/BVA/BL Turufjell» vedtatt i kommunestyret sak 27/18 den 31.05.2018, område er avsett med formåla;

- LNF
- angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål
- Køyreveg
- Annan vegggrunn-grøntareal

## 2. PLANOMRÅDE

### 2.1 Dagens situasjon og drift



Flyfoto frå kommunekart.com syner eksisterande uttaksområde med markert plangrense for ny regulering (svart strek), dagens uttaksområde (raud strek) og foreslått utviding (blå strek)

..




Masseuttaket er plassert langs Sprenåsvegen vest for Vesleåi. Eksisterande masseuttak har vore i drift sidan 2019 og ligg på eigedom med gbnr. 10/352. Tilgrensande arealbruk er utmark/skog. Uttak av massar i masseuttaket på Turufjell held ein høgare takt enn førespeglia i plan og driftsplan. Ein er derfor bekymra for å gå tom for massar før byggeaktiviteten er avslutta.

Av dei 290 000 fpm<sup>3</sup> som reguleringsplan opnar for er det teke ut om lag halvparten (147 000 fpm<sup>3</sup>). I driftsplan er det estimert eit uttak på 15 000 fpm<sup>3</sup> i året og ei driftstid på 19 år. Reguleringsplan vart vedteke i mai 2018 og i mai 2019 vart det meldt oppstart av drift, det er altså berre om lag 5 år sidan.

Fjell og gravelag AS som er dagens uttaksentreprenør har teke ut massar i samsvar med gjeldande reguleringsplan sidan 2019. Ved uttak av massar blir tradisjonelle driftsmetodar nytta, med fri sprenging utan overdekning. Uttaket blir drive med palltrinn der pallhøgda er maks 7 m. Overskotsmassar frå opparbeiding av tiltak innanfor områdeplan blir omarbeidd i uttaket.

Dagens drift er i samsvar med godkjend driftsplan og i samsvar med tildelt driftskonsesjon etter minerallova (Direktoratet for mineralforvaltning 27.11.2018). Driftstider er i samsvar med krav i gjeldande kommuneplan.



Prinsippsnitt vest-aust i eksisterende uttaksområde

Ole-Bjørn Øygard er bergteknisk ansvarleg for drifta. Knusing av sprengmasse blir gjennomført av Øygard AS med mobilt pukkverk ved behov. Knuste massar i ulike fraksjonar blir deponert, uttransport skjer jamleg gjennom året. Pukkverksdrifta skjer i samsvar med krav og grenseverdiar gitt i kapittelet til foreureiningsforskrifta 30. Det blir ikkje lagra drivstoff/olje i uttaksområdet. Åtkomstvegen blir jamleg salta for å hindre støvplager.

Ein fjerner vegetasjon etter som produksjon går framover. Avdekkingsmassar blir sikra og lagde i deponiområde for seinare å takast i bruk til istandsetjing av uttaket.

## 2.2 Geologisk ressurs

Berggrunn i området er i følgje ngu.no «Diorittisk gneis, vanligvis båndet og migmatittisk, mange steder amfibol- og granatførende, stedvis også pyroksenførende». Lausmassane består i hovudsak av bart fjell/stadvis tynt dekke.

## 2.3 Andre masseuttak

Nærmaste masseuttak som handlar med massar er Nesbyen pukk og betong AS sitt uttak i Rukkedalsvegen som ligg 48km frå eige masseuttak eller Holtet pukk og betong AS sitt uttak i Redalen i Krødsherad som ligg 58 km frå eige uttak.

## 2.4 Kulturminne

Område er omfatta av kulturminneregistrering utført av Fylkeskommuna i samband med utarbeiding av område pla. Ein forutsett at det ikkje er trong for ytterlegare utgreningar rundt kulturmiljøet.

## 2.5 Naturmiljø

Området er omfatta av naturverdirapport utarbeidd saman med områdeplan. Søk i miljødirektoratet sin naturbase (<https://kart.naturbase.no>) og Artsdatabasen (<https://artskart.artsdatabanken.no>) syner ingen nye registreringar etter at rapporten vart utarbeidd. Eventuelt behov for nærmere registrering er føresett avklara ved varsling av planoppstart.

..:..




## 2.6 Friluftsliv

Det er ingen registrerte turvegar / skiløyper eller område med særleg verdi for friluftsliv som blir ramma av planlagd utviding av eksisterende masseuttak.

# 3. OMTALE AV PLANLAGDE TILTAK

## 3.1 Avgrensning

Forslag til avgrensning av planområde for utviding av masseuttaket har eit avvik i høve til avsett areal i gjeldande kommuneplan. Justert avgrensning gir moglegheit for uttak av meir massar i samband med eksisterande uttak. Utvida uttaksområde er ca. 12 daa. I tillegg inkluderer planområdet 40 m skjermzone rundt masseuttaket tilsvarende ca. 6,5 daa. Totalt utvidingsareal blir med det om lag 18,5 daa.



Grunnkart frå kommunekart.com syner eksisterande uttaksområde med markert plangrense for ny regulering (svart strek), dagens uttaksområde (raud strek) og foreslått utviding (blå strek)

## 3.2 Uttak og drift

Framtidig brotkant mot vest følgjer terrenget og vil i snitt ligge på ca. kote + 601 moh. Botn på uttaket er tenkt å følge dagens botnnivå med +572 moh. Det gjer ei snitthøgde for utvida uttaksområde på ca. 29 m. Uttak av massar i utvidingsområdet er føresett som vidareføring av dagens tradisjonelle driftsmetodar. Førebels berekna uttaksvolum er ca. 348 000 m<sup>3</sup> fast fjell. Berekninga tek ikkje høgde for palling, og vil i realiteten ligge noko lågare.

Dagens driftsretning og eksisterande tilkomst frå Turufjellvegen/ Sprentjernvegen blir vidareført. Driftstider vil samsvar med dagens krav i reguleringsplan. Skjermingssoner og sikringstiltak er tenkt langs utvida brotområde tilsvarende gjeldande regulering.

Det er i dagens drift ikkje registrert problem med slam i avrenning frå brotet som følge av støv/finstoff. Om slike forureiningsproblem skulle oppstå, vil det bli etablerte tiltak i form av sedimenteringsbasseng langs tilkøyningsvegen for reining av overvatnet før det blir leidd til recipient.

Eksisterande etablerte rutinar for vatning/salting av tilkøyningsveg, plassar og opne lager blir vidareførte. Opne lager av råvarer og produkt skal plasserast slik at dei blir minst mogleg utsatt for vind som kan gi støvflukt. Det blir ikkje lagra drivstoff/olje i uttaket i dag. Fylling skjer frå godkjend transporttank som blir køyrd inn i brotet

..



ved behov, eller fra mellombels lagerareal på Sprenåsvegen 136. Fylling av driftsstoff og olje blir gjennomført på forskriftsmessig måte og utan utslepp av drivstoff eller kjemikalier/olje.

Som del av drift og istandsetting er det føresett tilrettelegging for mottak, mellomlagring og sortering for gjenbruk av overskotsmassar fra byggje- og anleggsvirksemeld i område. Dette gjeld reine gravemassar som ikke påverkar miljøet negativt/medfører forureining. Tilrettelegging av mottak/gjenbruk av massar og uttak av massar kan gi redusert transportbehov ved at lastebilar som leverer overskotsmassar fra byggjeprosjekt også kan ta knuste masse tilbake til anleggspllassen.

Krav til istandsetting og tilbakeføring etter enda drift er føresett for utvidingsområdet tilsvarande som for eksisterende uttaksområde. Ved avslutta drift skal alle installasjoner og mellombelser byggverk fjernast helt fra området. Området skal setjast i stand på ein slik måte at det er minst mogleg skjerm av det uttaket som har gått føre seg.

### 3.3 Reguleringføremål og omregulering

Planlagd utviding blir regulert til formålet angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål (SOSI 1900), med vegetasjonsskjerm (SOSI 3060) i 40 m breidd langs ytterkantane til uttaksområdet. Veg inn til uttaket blir videreført med køyreveg (SOSI 2011) og annen veggrunn - grøntareal (SOSI 2019). Infrastruktursone langs uttakets austgrense blir videreført.

Utviding av masseuttaket føreset at skjermzone mot vest i gjeldende plan blir omregulerte for uttak av massar. Etterbruk av området etter istandsetting er tenkt videreført fra dagens plan med lagerkapasitet for verksemeld innanfor områdeplan og anlegg i samband med vatn- og avlaupsanlegg.

## 4. VERKNAD/KONSEKVENS OG SÆRLEGE OMSYN

### 4.1 Vurdering av utgreiingsplikt

Planen blir ikke omfatta av tiltak som alltid utløyser utgreiingsplikt etter KU-forskriftas § 6, vedlegg I pkt. 19 (Uttak av masser der over 200 daa samla overflate blir råka eller samla uttak meir enn 2 mill. m<sup>3</sup> masse).

Masseuttak skal vurderast når det gjeld utgreiingsplikt, jf. § 8 i forskriftena, vedlegg II pkt. 2a). Forlagstiller vurderer at planlagd utviding ikke medfører vesentleg verknad for miljø eller samfunn og med det ikke utløyser krav til konsekvensutgreiing. Dette med følgjande grunngiving:

- Utvidinga ligg inntil eksisterande masseuttak som blir drifta i samsvar med vedteken reguleringsplan og driftskonsesjon.
- Utvidinga viderefører dagens drift som ikke er registrert med arealbrukskonflikta eller negative konsekvensar for omgivnadene/eksisterande busetnad.
- Det er ingen registrerte natur/kulturverdiar innanfor planområdet

Det blir lagt til grunn at Flå kommune som planmynde avgjer utgreiingsplikt i oppstartsmøte, jf. forskriftenas § 11.

### 4.2 Landskap - visuell fjernverknad



Skråbilete frå google Earth syner ca. avgrensing av planområde med svart strek

Uttaksområdet ligg skjerma mot omgivnadene og er godt lokalisert vurdert frå eit landskapsomsyn.

Brotområdet er i dagens situasjon ikke visuelt eksponert mot utbygde område. Justering av uttaksområdet i

..:..



høve til gjeldande plan vil ikkje påverke dei visuelle fjernverknadene i negativ retning verken frå busetnaden på Turufjell eller nede frå bygda.

#### **4.3 Natur/kulturmiljø**

Det er ingen særskilt registrerte natur- eller kulturverninteresser i foreslått utvidingsområde. Masseuttak påverkar naturmiljøet negativt ved at vegetasjonen blir fjerna og med det endrar vilkår for eksisterande biologisk mangfald. Som del av drifta vil det bli gjennomførte mildnande tiltak ved at avdekkingsmassar blir mellomlagra for så å tilbakeførast som del av istandsetjinga. Revegeterering vil skje naturleg gjennom den frøbasen som finst i massane og ved eventuell tilføring av stadeige frømateriale. Sikringsgjerde skal setjast opp langs brotkanten, dette vil halde hjortevilt og andre dyr borte frå brotområdet.

#### **4.4 Tilkomst - trafikk/transport**

Masseuttaket ved Sprentjern betener utbygginga innanfor områdeplan for Turufjell og massetransport skjer innanfor eige vegnettverk, med tilkomst via Sprenåsvegen til Turufjellvegen. Eksisterande tilkomst har tilfredsstillande siktforhold og etablerte driftsrutinar sikrar naudsynte tiltak for å redusere støvplager for omgivnadene. Trafikkbelastning frå uttaksområdet er i hovudsak forventa tilsvarende dagens situasjon, det vil seie eit år-døgn-gjennomsnitt (ÅDT) på inntil 16 køyretøy. Uttransport vil variere med årstid og etterspurnad, og talet på køyretøy vil derfor i periodar vere noko lågare/høgare ein angitt ÅDT. Føresett nødvendig vegedlikehald/standard og uttransport innanfor fastsette driftstider er det vurdert at utviding av uttaksområdet ikkje gir negativ konsekvens for trafikk og transport.

#### **4.5 Friluftsliv og ban- og unges interesser**

Utvodingsområde for masseuttak ligg inntil eksisterande uttak i drift og har ingen særskilt registrert områdeverdi eller bruk for friluftsliv. Omdisponering er derfor vurdert utan negativ konsekvens for friluftsliv, inkl. interessene til barn og unge. Sikringsgjerde/merking skal setjast opp langs brotkanten.

#### **4.6 Forureining - Støy, støy og avrenning**

Dagens drift har lågt konfliktnivå når det gjeld støy og støy som følgje av lokalisering, terreng og avstand frå eksisterande busetnad. Etablerte rutinar sikrar tilfredsstillande handtering av overvatn/avrenning og drifta av uttaket skjer i samsvar med gjeldande krav og grenseverdiar.

Ein tek utgangspunkt i at utvodingsområdet blir underlagt same driftsrutinar som dagens uttak, og at det for utvodingsområdet blir tilsvarende krav heimla til at omgivnader ikkje blir utsette for forureining i form av støy, støy og avrenning over grenseverdiar gitt i Forureningsforskriftens kapittel 30.

#### **4.7 Risiko og sårbarheit - samfunnstryggleik**

Ved førebels gjennomgang av sjekkliste for risiko og sårbarheit er det ikkje avdekt fare for hendingar som ikkje kan løysast tilstrekkeleg ved planlagd utviding. Tema vurdert aktuelle for nærmare utgreiing i reguleringsplan er: tryggleik i driftsperioden, trafikktryggleik på tilkøyningsveg, omsyn til vatn- og avlaupsanlegg og forureining (støy, støy og avrenning).

#### **4.8 Masseforvalting og næringsutvikling**

Steinmassar frå uttaket har god kvalitet med jann og godt uttak av stein. Driftsgrunnlaget er forventa stabilt med leveranse til tiltak innanfor Turufjell. Eksisterande uttak sørger for god tilgang til ressursen. Steinmassar er eit nødvendig produkt til all byggeverksemd, og til vedlikehald av vegar og teknisk infrastruktur. Av omsyn til transportbehov og miljø, er det positivt å leggje til rette for utviding av masseuttaket som eit eksisterande og veletablert masseuttak med lågt konfliktnivå, då transportveg til alternative uttak er svært lang. Foreslått utviding svarer til om lag 20 års drift og gir med det grunnlag for føreseileg drift for eksisterande næringsaktør.

#### **4.9 Oppsummering**

Forlagstiller si førebelse vurdering er at tema lista opp under må greiast ut særskilt i planarbeidet i tillegg til vanlege utgreiingstema. Verknad, konsekvens, og tiltak må komme fram av planskildring og ROS-analyse.

Verknad/konsekvens for følgjande tema vil bli særskilt greidde ut i planarbeidet:

- Landskapsomsyn, terrentilpassing - visuell nærfjernverknad
- Klima og miljøomsyn, inkl. omsyn omgivnader støy/støy
- Friluftslivs-folkehelse/interessene til barn og unge
- Samfunnstryggleik - risiko og sårbarheit

..:\_\_\_\_\_:



## 5. Rekkefølgjekrav

Følgande rekkefølgjekrav er sett i områdeplan for Turufjell. Alle rekkefølgjekrav er gjennomført og blir ikke lagt inn i føresegnene;

### § 3.2 Rekkefølgjekrav

#### 1) Krav i samband med utbyggingsrekkefølge:

1. BSA 1 skal være opparbeidd med heis og nedfart innan igangsetjingsløyve vert gjeven for fritidseining nr. 100.

#### 2) Krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur

1. Omlegging av veg forbi Heimoen bustadfelt skal vere ferdigstilt før anleggsarbeid i områdeplan Turufjell eller H29 - Veneliskogen i arealdelen vert sett i gang.

2. Gangveg langs Fv. 203 frå Flåstasjon til kryss Heivegen skal vere bygd før igangsetjingsløyve for fritidseining nr. 100 vert given innan områdereguleringsplanen eller H29 - Veneliskogen i arealdelen.

3. Teknisk infrastruktur skal vere graven til området før utbygging

4. Renovasjonspunkt BRE skal vere opparbeidd med nødvendig utstyr før det vert gjeven bruksløyve for 1. eining i byggesteg 1.

5. Veg SKV 22 til Skarsdalen skal vere opparbeidd innan igangsetjingsløyve vert gjeve for fritidseining nr. 100.

6. Før det vert gjeven IG på eining nr. 420 (byggetrinn 1) skal det føreligge ny trafikkvurdering for trafikkbelastninga området har på rv.7.

## 6. Planprosess/medverking

### 6.1 Prosess

Hending	Tidsrom
Planinitiativ til kommunen	Mars 2024
Oppstartsmøte	Mars 2024
Oppstartsvarsel	April 2024
Merknadsperiode	April- mai 2024
Innsending planforslag til kommunal handsaming	November 2024
1.gongs handsaming av planforslag	Desember 2024
Høyringsperiode	Januar-februar 2025
Vedtak plan	Mars 2025

### 6.2 Aktuelle offentlege organ og andre interessentar som varslast om planoppstart

Namn	E-post/adresse
Statsforvalteren i Oslo og Viken	sfovpost@statsforvalteren.no
Statens vegvesen	firma\$post@vegvesen.no
Buskerud fylkeskommune	<a href="mailto:post@bfk.no">post@bfk.no</a>
Mattilsynet	postmottak@mattilsynet.no
NVE Region Sør	rs@nve.no
Direktoratet for mineralforvaltning	mail@dirmin.no
Hallingdal Kraftnett	firma\$post@hallingdal-kraftnett.no
Hallingdal Renovasjon IKS	firma\$post@hallingdalrenovasjon.no

..:..



Hallingdal brann- og Redningstjeneste IKS	post@hallingdal-brannvesen.no
BirdLife Norge avd. Buskerud c/o Steinar Stueflotten	buskerud@birdlife.no
Forum for natur og friluftsliv Buskerud c/o DNT Drammen og Omegn	buskerud@fnf-nett.no
Naturvernforbundet i Buskerud	buskerud@naturvernforbundet.no
Naturvernforbundet i Hallingdal	hallingdal@naturvernforbundet.no
Flå kommune	postmottak@flaa.kommune.no
Turufjell Vel	stig@paulsen.pm

### 6.3 Medverking

Medverking i plansaker følger stort sett av §§ 5.1 og 5.2 i plan- og bygningsloven. Dette er dog lovens minstekrav og i mange saker er det behov for ytterlegare medverking. I utarbeiding av områdeplan vart det køyrd ein utvida medverkingsprosess som følgjer:

1. Planforummøte med regionale myndigheter i november 2016
2. Møte med Vel, organisasjonar og løypelag i slutten av desember 2016
3. Planforummøte med regionale myndigheter i mars 2017
4. Allmøte etter utlegging av plan til offentleg ettersyn i forbindelse med 1.gangs behandling av saken.

Med få eller ingen naboar til planområdet og føringar for planen lagt gjennom områdeplan med utvida medverkingsprosess ser ein ingen grunn til større medverking i denne saken enn plan- og bygningslovens minimum.

## 7. Planmateriale

Forventa leveranse av plandokument:

Plankart i PDF  
Plan fil i SOSI-format som er godkjent gjennom sosikontroll  
Reguleringsføresegn som Word- og PDF-fil  
Planomtale som PDF-fil  
Sjekkliste for ROS-analyse

..:..